



"Dei svarte svanene" og "Hytta som forsvann" av Ruth Lillegraven og Jens Kristensen

07-08-2020 09:37 CEST

## Ruth Lillegraven og Jens Kristensen aktuelle med miljøkrimserie for barn

**12. august lanserer Samlaget dei to første bøkene i "Klodeklubben" – ein heilt ny spenningsserie om miljø og klima for barn i alderen 6–9 år. Serien er skriven av Ruth Lillegraven, illustrert av Jens Kristensen og inneheld ein bonusdel med miljøfakta frå Aftenpostens Ole Mathismoen.**

Vanja, Sivert og Mo bur i ei lita bygd på Vestlandet. Men sjølv på ein liten stad kan mystiske ting skje, og det blir dramatisk når dei tre vennene tar opp jakta på miljøskurkane.

I den første boka, "Dei svarte svanene", krasjar ein båt i kaia utanfor fabrikkjen. Vanja, Sivert og Mo oppdagar oljesøl i fjorden, og dei kvite svanene har fått svart olje på seg. Stamma olja frå båten, eller forureiner nokon fjorden med vilje?

I den andre boka, "Hytta som forsvann", blir fleire av dyra på garden til Vanja sjuke. Samtidig skjer det noko med den tomme hytta i skogen, der Vanja og Sivert alltid har leika. Ein dag blir ho riven, og søppelet flyt rundt i naturen. Kven er det som riv gamle hytter og bygger nye? Og kven er det som kastar frå seg avfall som dyra tar skade av?


**Ruth Lillegraven** (f. 1978) har sidan debuten i 2005 skriva ei rekkje bøker i mange sjangrar, for både barn og vaksne. I 2013 vann ho Brageprisen for diktsamlinga *Urd*. Også dei to diktsamlingane hennar for barn, *Eg er eg er eg er* (2016) og *Skogen den grønne* (2018) blei nominerte til fleire prisar.

**Jens Kristensen** (f. 1975) er illustratør og biletkunstnar. Han har illustrert ei rekke barne- og ungdomsbøker, samt illustrert for magasin, reklame og animasjon.

---

Det Norske Samlaget er eit kultur- og kunnskapsforlag som gir ut litteratur på nynorsk. Vi gir ut omlag 100 titlar kvart år av norsk og omsett skjønnlitteratur, barne- og ungdomsbøker, dokumentar- og faktalitteratur, ordbøker og læremiddel for høgare utdanning.

## Kontaktpersoner



**Ragnhild Akselberg Tonheim**

Informasjonskonsulent

r.tonheim@samlaget.no

90124325